

# ÅRSMELDING EIKEFJORD IDRETTSLAG

## Hovudstyret i EIL har vore samansett slik:

Leiar: Brigte Samdal  
Nestleiar: Per-Øyvind Sørbo  
Skrivar: Linn Therese Lofnes Sæterlid  
Økonomi: Lene Engebø  
Styremedlem: Steinar Svardal



## Leiarar i gruppene

Fotballgruppa: Silje Knapstad  
Handballgruppa: Marco Schaarschmidt  
Basketgruppa: Lea C. Eikefjord  
Skigruppa: Stig Solheim  
Friidrettsgruppa: Kristen Stæger-Breisnes  
Eikefjord treningscenter (ETS): Kenn Are Hallstensen  
Allidrett: Mona Ødegård Standal

## Valnemnd

Leiar: Inger Johanne Sørbo  
Nestleiar: Liv Torsvik Myrvollen  
Medlem: Liv Margrethe Standal

## Styrearbeid

Det nye styret har bestått av 3 stk frå det gamle styret og 2 nye medlemmer – av dei ny styreleiar. Det har vore jobba godt og målretta med saker som har lagt til hovudlaget og saker som har vore meldt inn til styret. Totalt 107 saker i 2024. Vi har hatt både teams og fysiske møter. Det har gjennom året vorte heldt fleire fellesmøte med gruppeleiarane.

## Gratis treningsavgift

Førre årsmøte vedtok å innføre gratis treningsavgift for alle barn 0-19 år. Unntak for regelen er bruken av ETS og A-laget i fotball. 2024 er det første året vi har praktisert gratis medlemsavgift. Det er særst få idrettslag som har innført ei slik flott ordning, og vi fekk ein del medieoppslag der EIL blei omtala i særst positive ordelag. Vi prøver å påverke vidare oppover i systema for at dette burde bli ei nasjonal ordning betalt av staten. Det er viktig å huske at medlemskapet i EIL skal betalast og er ein føresetnad for gratis treningsavgift.

## Film om EIL

Våren 2024 tok vi initiativ til å lage ein film om EIL. Her oppsummerar vi arbeidet i idrettslaget, fokus på gratis treningsavgift og generelt ein positiv oppleving av Eikefjord idrettslag sin aktivitet i bygda. Vi brukte bygdas eigen Ian Aanevik Gulestøl til å lage filmen. Filmene hadde premiere i fleirbrukshallen 26. juni 2024, med nærare 70 born tilstades.

## Badstue på stranda – «Fjelg sauna»

EIL har bidrege økonomisk og praktisk i samarbeidet med Eikefjord Grendelag for etablering av ei badstue på stranda. Prosjektet var igjennom nokre motbakkar i 2024, med mykje ekstraarbeid for å komme i mål. EIL utbetalte gåve på kr. 100.000,- til prosjektet i 2024. Fjelg sauna fekk sin endelege opning, 1. februar 2025.



## EIL betaler hall-tid og bruk av anlegg

EIL har inngått ei avtale med Kinn kommune der vi har overtatt ansvaret for drifta av hallen og anlegga. Kinn kommune fakturerer EIL for å kunne disponere areala. Dei ulike gruppene sine aktivitetar slepp dermed å betale for hall-tid og bruk av anlegga.

## Hytta på fjellet - «Kvilehytta»

I 2023 sette vi punktum for siste kapittelet om hytta vår. I 2024 er det komen opp flotte benkar og bord. Marius Standal med familie har fiksa dette! Tusen takk!



## EIL og Eikefjorddagane 2024

Eikefjord idrettslag deltok i dugnadsarbeidet i gjennomføringa av årets Eikefjorddagar. I tillegg fekk Eikefjord grendalag låne fleirbrukshallen gratis. Dette var EIL sin medfinansiering av ED2024. Årets Eikefjordpris gjekk til handballtrenar Marco Schaarschmidt!

## Ny løypemaskin på Humlestøylen

EIL har løyvd kr. 200.000,- til ny løypemaskin på Humlestøylen. Det gamle utstyrt er over 30 år gammalt og det er tid for utskifting. Skigruppa er i dialog med tilbydar av ny løypemaskin.

## Trimpoeng 2024

EIL arrangerte «Trimpoeng 2024». Primus moter er Liv Torsvik Myrvollen. Det blir ny runde i 2025.


Eikefjord Trimpoeng 2024		
99 <a href="#">Deltakere</a>	91 <a href="#">Turmål</a>	6 452 Innsjekk

## Trygg på trening

Liv Torsvik Myrvollen har vore EIL sin representant og pådrivar for arbeidet, i lag med Cathrin Barstad (handball) og Kari Mydland (fotball). Frå 2025 vil Mona Ødegård Standal overta som leiar i staden for Liv Torsvik Myrvollen. Det skal vere låg terskel og det skal vere trygt å varsle om kritikkverdige forhold i EIL. Mona Ødegård Standal blir også ny kontaktperson for arbeidet med Politiattest i EIL.

## Spond

EIL har vedteke å bruke Spond som informasjonsplattform. Det betyr at alle undergrupper underlagt hovudlaget skal bruke Spond som informasjonskanal. Plattformen er reklamefri, ein logger inn med eigen brukar og har støtte for 2- trinnsverifisering. Plattformen/appen kan nyttast via nettlesar eller via app på smarttelefon.



## Avtale med Sport1 Førde

EIL hovudstyret har signert 5 års avtale med Sport 1 Førde / Umbro som utstyrsleverandør 2024-2028. Medlemmer av EIL får rabatt.

## Sponsoravtaler

Eikefjord idrettslag er særst glade for avtalene med dei 7 hovudsponsorane. Det gjer oss stolte og glade – tusen takk til Ramsdal maskin, Sparebank 1 Sogn og Fjordane, Steinvik Fiskefarm, Brødrene Aa, Fjordpipe, Walcon og Eninvest. EIL oppmodar alle medlemmene om å bruke tenestene til desse sponsorane.



## Fleirbrukshallen/idrettsanlegget i Kvalvikdalen/Humlestøylen skianlegg/turstiar og hytter

Vi er stolte over Eikefjord fleirbrukshall, anlegget i Kvalvikdalen og skianlegget på Humlestøylen, samt turstiar og kvilehytta i regi EIL. Men vi ser også at dette krev kontinuerleg vedlikehald og utvikling. Vi har i 2024 også brukt mykje ressursar for å utvikle disse anlegga og det er framleis behov for investeringar. Vi har pr dato ikkje ei anleggsgruppe i idrettslaget og vi ser at det må komme. Vedlikehald, utvikling, oppdateringar og nye anlegg vil ta mykje av økonomien framover.

## Nytt lysanlegg i Kvalvikdalen

I 2024 har kunstgrasbana i Kvalvikdalen fått nytt lysanlegg! EIL har samarbeida med Kinn kommune om å få på plass nytt led-lysanlegg på kunstgrasbana. EIL har garantert for kr. 350.000,-. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har støtta prosjektet med kr. 100.000,-.

## Ny oppgradert tursti

EIL tok initiativ til å oppgradere og legge til rette for tursti frå Hågane og til rasteplassen v/ RV5. Dette var gjort for betre å legge til rette for dei som ynskjer å gå forbi anleggsområdet i samband med at Vestland Fylkeskommune bygger ny bru. Tusen takk til dugnadskarane som tok på seg jobben: Geir Aage Hovland, Odd Asle Endestad og Per-Øyvind Sørbø!

## Ny kiosk ved kunstgrasbana

Fotballgruppa har i 2024 arbeidd med å utgreie ein ny kiosk ved kunstgrasbana. Dagens kiosk er utgått på dato og må skiftast ut. Hovudlaget har vore i dialog med fotballgruppa for å finne ei eigna løysing og vil innan 1. mars 2025 søke om støtte til prosjektet hjå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

## **Arena Eikefjord**

Hovudstyret har arbeida vidare med finansiering av Arena Eikefjord. Dette vil vere eit stort løft for bygda og det er viktig å sjå på kva aktivitet ein skal legge til rette for og korleis dette kan finansierast.

## **Garanti kunstgrasbana**

Det har vore gjort ulike tiltak for å bøte på utfordringane med slutføring av banedekket på kunstgrasbana. Unisport var tilbake våren/sommar 2024 og fjerna all stein som ikkje høyrer til i banedekket. Kinn kommune har godkjent arbeidet.

## **Samhandling med skulen**

EIL har starta eit samarbeid med Eikefjord Barne- og Ungdomsskule, der vi i lag ser på korleis elevar kan delta i praktiske oppgåver og vedlikehald som ein del av undervisninga. Vi er særst glad for dette samarbeidet! Lene Engebø i hovudstyret er EIL sin kontaktperson.

## **Søknadar i 2024**

EIL har søkt Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og fått innvilga kr. 100.000,- til nye treningsapparat til Eikefjord Treningssenter (ETS). I tillegg har EIL fått kr. 100.000,- til ny løypemaskin til Humlestøylen skiarena, samt kr. 30.000,- til glasrekkverk i fleirbrukshallen. Sparebank 1 Sogn og Fjordane støtta oss i samband med arrangementet med Fritz Aanes som dessverre måtte avlysast grunna uvêr (flyet frå Oslo kunne ikkje lande).



*sparebankstiftinga  
sogn og fjordane*

## **Årsfest med basar**

For første gong var det arrangert felles Årsfest for heile EIL. Denne vart gjennomført 24. november 2024, der alle gruppene deltok. Det blei levert ut medalje til alle barna som deltek i ulike aktivitetar i EIL. I tillegg vart delt ut spesialprisar/fair-play/trenarar osv. for ekstraordinær innsats. Det blei gjennomført basar og gratis pølser, saft, kaker og kaffi til alle frammøtte. Årsfesten har hausta mange lovord!

## **NIF lovnorm**

Årsmøte i EIL vedtok på årsmøtet i 2021 å legge til grunn Noregs Idrettsforbund si lovnorm. Denne lovnorma er tilrettelagt for bruk av alle idrettslag i Noreg. Hovudstyret i EIL har i 2024 vedteke naudsynte oppdateringar som er gjort i lovnormen i 2024.

## Dugnad og frivilligheita

Utan frivilligheita stopper Noreg og EIL! Det er so mange som burde vore nemnt og takka for arbeidet dei legg ned for barn og unge / vaksne i Eikefjord Idrettslag. Mange timer som trenar, leiar, dugnadskøyring, løypepreparering, vaffelsteiking, vakt etc. Vi takkar alle saman og ber om at vi formidlar og rekrutterer nye små og store i eit felles løft for idretten i bygda.

- Eikefjord Idrettslag -

Hovudstyret

19. februar 2025

TAKK FOR STØTTEN ALLE GODE SPONSORAR!



1967

Eikefjord Idrettslag

